



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref  
2018/11673-6

Vår ref  
19/1203-2

Dato  
28. juni 2019

## Førespurnad om fylkeskommunen sitt ansvar innan sivil transportberedskap

Vi viser til førespurnaden i brev av 14. mai 2019 der Samferdselsdepartementet er bedt om å avklare «*kva for lovpålagte oppgåver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap*».

Vidare i førespurnaden ber fylkeskommunen om ein tilbakemelding frå departementet på «*kor detaljert planlegging av transportberedskapen skal vera*» og «*kor detaljert fylkeskommunen skal planlegga for korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyser ansvaret til fylkeskommunen innanfor sivil transportberedskap*».

Det følgjer av grunnprinsippa for arbeidet med samfunnssikkerheit at krisar skal handterast av den organisasjonen som har ansvaret i ein normalsituasjon og på lågast mogleg organisatorisk nivå.

Dei lovpålagte oppgåvene til fylkeskommunen knytt til transportberedskap går fram av forskrift for sivil transportberedskap fastsett av Samferdselsdepartementet 14. juni 2005. Forskriften pålegg fylkeskommunen ansvar for å sikra og leggja til rette for ein nødvendig og regionalt tilpassa sivil transportberedskap i fylket, jf. § 3. Fylkeskommunen skal samarbeida med fylkesmann, politi, transportnæring og andre sivile og militære styresmakter for ein best mogleg koordinert transportberedskap.

På bakgrunn av analysar av risiko- og sårbarheit skal fylkeskommunen ha oversikt over transportbehov ved ulike typar kriser, kva for typar transportbehov det kan dreia seg om, og korleis organiseringa blir gjort mest formålstenleg. I samsvar med § 4 blir det stilte alminnelege plikter for fylkeskommunen som omfattar å utpeika og føra oversikt over

Postadresse  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.sd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 904

Avdeling  
Kollektivtransport- og  
baneavdelinga

Saksbehandlar  
Knut Hesthammer  
22 24 82 31

løyvehavere, andre som eig og bruker motorvogner eller fartøy og verkstader, medrekna personell og transportmateriell, som kan ha ei særskild rolle innan sivil transportberedskap.

Departementet skal orienterast om eventuelle avtalar med aktørar om ovannemnde for planlegging og utførelse av transportoppdrag. På oppfordring frå Samferdselsdepartementet eller fylkesmannen skal fylkeskommunen framlegga dokumentasjon på at pliktene etter forskriften er ivaretatt. Fylkeskommunen skal og på oppfordring frå Samferdselsdepartementet, fylkesmann, politiet eller andre sivile eller militære styresmakter kunne bidra med transportfaglege råd og formidla kontakt med aktørar som driv med gods- og persontransport i fylket.

Departementet har planar om å gjennomføre ein kartlegging av fylkeskommunane sitt arbeid med transportberedskap og vil komme tilbake til dette. På denne bakgrunn vil vi difor ikkje departementet no komme med vidare føringar for kor detaljert fylkeskommunen planlegg transportberedskapen sin. På generelt grunnlag verkar mange av dei tilrådingane rapporten etter forvaltingsrevisjonen av transportberedskap på vegnett kjem med, fornuftige

Med helsing

Anne-Lise Junge Jensen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Knut Hesthammer  
fyrstekonsulent

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*